

Til Miljøverndepartementet
Postboks 8013 – Dep

0030 Oslo

Knarvik, 06. febr. 09.

Høyringsutkast til "lov om infrastruktur for geografisk informasjon (geodataloven)"

Regionrådet Nordhordland IKS er felles talerøyr for dei 9 medlemskommunane i IKS-et. (Kommunane: Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy).

For kommunane i regionen er det i medhald av plan- og bygningslova vedteke regionalt samordna kommunedelplanar for geodata. I medhald av desse er det m.a. etablert eit interkommunalt koordineringsorgan (Nordhordland digitalt) for oppfølging av formulerte mål og strategiar i geodaplanane. Ein av desse strategiane er at regionen skal delta aktivt i høyringsprosessar som gjeld regelverk for saksområdet. (Dette for at kommunane skal få gode og rasjonelle verktøy for sine oppgåver.) Nordhordland digitalt har derfor vore regionrådet sitt sakshandsamingsorgan i saka.

Generelle merknader

Kommunane i regionen har i praksis og i lang tid praktisert hovudprinsippa i EU-direktivet og lovutkastet. I dei samordna kommunedelplanane for geodata for kommunane i regionen er klare formuleringar av strategiar og mål som samsvarar med opplegget i St.meld. 30 (2002-2003). Planane innebar at alle kommunane i regionen skulle bli medlemmer i "Norge digitalt" straks organisasjonen blei oppretta. Så vidt vi kan sjå, har St.meld. nr. 30 (2002-2003) vore ein hovudmodell for EU-direktivet.

Ved den nye lova vil ein få eit meir robust "Norge digitalt" ved at det nå blir pliktig medlemskap for alle offentlege instansar også i høve til den utvida definisjon av omgrepet "offentleg" som MD har lagd til grunn. I høyringsnotatet er dette behovet for ein meir robust organisasjon enn dagens, klart grunnlagt. Vi siterer:

Den geografiske infrastrukturen er i stor grad blitt virksomhetskritisk for en rekke funksjoner i samfunnet. Det er derfor ingen ulempe om samarbeidet bringes inn i mer formaliserte rammer. Det er særlig aktuelt å fastsette hvem som skal være forpliktet til å delta i samarbeidet.

Understrekinga er gjort av oss. Det tilseier at dette skrittet er heilt nødvendig. Departementet har då òg teke konsekvensen av det i lovutkastet, jf. § 4. Men i og med at dette medfører pliktig medlemskap for så og seie alle dataleverandørane til infrastrukturen og dette gjeld for tre ulike forvaltingsnivå (primærkommune, fylkeskommune og staten), er det urasjonelt å oppretthalda dagens avtaleordning med årleg fornying av avtalar. (Kommunane i vår region

mottok avtalen for 2008 for signering i oktober!). Desse partane sine rettar og plikter bør heilt ut fastleggast i forskriftene til lova tilsvarende det som er vanleg rettspraksis i vårt land der lova gjeld fleire forvaltningsnivå. Ved det oppnår ein òg endå større føreseielege tilhøve og etter vår vurdering, enklare administrative ordningar enn det ein ville fått etter utkastet. (Dagens arbeid med avtaleprosessane for offentlege instansar og den offentlege ressursbruken i det høvet, vil falla vekk. Dette vil ha som konsekvens visse justeringar i høve til høyringsutkastet til lov, jf. utfyllande kommentarar nedanfor i våre konkrete merknader/endringsforslag til lovutkastet.

Vi stør MD sitt forslag om det utvida kravet om data i infrastrukturen i høve til det minimumskravet som er sett i EU-direktivet.

På eit så sterk teknologisk og kunnskapsprega saksområde som infrastrukturen for geografisk informasjon, stør vi òg opplegget med ei "rammelov" der storparten av detaljreglane, som må liggja til grunn for den utøvande praksis, blir konkretisert i forskrift og tilhøyrande rettleiar.

Vi sluttar oss òg til MD sine vurderingar om at EU-direktivet bør innarbeidast i norsk lovgiving i form av ei eiga lov og skal få koma attende til dette nedanfor i våre konkrete merknader til lovutkastet.

Økonomiske konsekvensar

Når det gjeld dei økonomiske konsekvensane for kommunane, er desse utdjupa i høyringsnotatet kapittel 10. Der står tet m.a. følgjande:

For kommunesektoren gjenstår det fortsatt mye arbeid med tilrettelegging av geodatatenester, men dette vil bli støttet gjennom at det blir tatt i bruk standardiserte systemløsninger. For kommunale forvaltningssystemer vil det tilsvarende måtte etableres tjenester som i første omgang må tilfredsstille leveransekrav til nasjonale distribusjonsdatabaser.

Etablering av forvaltningssystemer og tjenester er anslått til 5,5 mill. kr for staten (fordelt på ca. 22 dataproduiserende etater, jf. vedlegg 1) og 26 mill. kr for kommunene (ca. kr 60 000 pr. kommune). De årlige økte driftsutgiftene er anslått til 4,4 mill. kr for staten (fordelt på de samme dataproduiserende etater) og 17 mill. kr for kommunene (ca. kr 40 000 pr. kommune).

Her konstaterer vi manglande samsvar med det som er sagt i St.meld. nr. 30 (2002-2003) der det står følgjande (kap.11.1, første avsnitt):

Meldingen legger ikke opp til vesentlige endringer i offentlige etaters budsjetter. **Etablering og drift av formidlingstjenesten forutsettes i sin helhet finansiert gjennom brukerbetaling.** Meldingen foreslår at flere parter skal bidra til etablering og vedlikehold av basis geodata. For nye parter vil dette bety en ny utgift, mens for etablerte parter kan kostnaden gå noe ned. For alle samarbeidspartene betyr dette raskere tilgang til nasjonale geodata. Fremdriftstakten for de enkelte datasett må tilpasses de årlige budsjetter. (Uthevinga gjort av oss.)

Dette tilseier at kostnadene for kommunane skal bli mindre enn i dag. For å få samsvar med premissane i St.meld. nr. 30 (2002-2003) og innarbeiding av EU-direktivet i norsk lov, bør MD i samband med utarbeidinga av Ot.prp. for lova, vise til premissane gitt av Stortinget i 2003 i høve til dekkinga av kommunane sine kostnader.

Primærkommunane er den heilt dominerande leverandør av data til den infrastrukturen som her blir lovregulert. Delen av reine kommunale data (og dermed denne dominansen) vil dertil auke ein god del etter kvart som plandata og nye data frå tilhøyrande konsekvensutgreiingar blir gjort tilgjengelege i infrastrukturen. Dette vil medføre betydelege effektiviseringsvinstar og kvalitetsbetringar også for dei andre offentlege partane sine gjeremål (og for privat sektor). **Det synes rimeleg at alle ekstra kostnader kommunane får som følge av lova, blir dekkja av deler av den nytten kommunane på denne måten tilfører dei andre offentlege sektorane.** Vi meiner at MD bør formulere dette som ein premiss i Ot.prp. til lova.

I vår region er det mange små kommunar. Såleis er tilhøva her lik med storparten av kommunane i Noreg. For små kommunar er lisens-, opplærings- og vedlikehaldskostnadene

for aktuell programvare i høve til den bruken kommunen har, relativ høg og i visse tilfelle så høg at nettoytten blir negativ. Slike tilhøve vil lett kunna medføre negative konsekvensar for infrastrukturen. Derfor bør ein i størst mogeleg grad få leverandørsystem basert på standardisert

og fri programvare. (Dette vil òg redusere kommunen sine kostnader og auke nettoytten for dei andre offentlege instansane.)

Konkrete merknader/forslag til lovutkastet

Som nemnd i våre generelle merknader, meiner vi at MD sitt utkastet til lov bør justerast/supplerast på nokre punkt. Dette har vi konkretisert og kommentert i det følgjande. Forslag til justert lovtaks er skrive i raud farge.

§ 1 Formål (bra)

§ 2 Virkeområde (ok)

§ 3 Definisjoner

I denne loven betyr:

- a) *Norge digitalt*: et for offentlig sektor forskrifts- og for privat sektor avtaleregulert samarbeid om etablering, forvaltning og finansiering av en geografisk infrastruktur for Norge
- b) *Statens geodatamyndighet*: det statsorgan som koordinerer Norge digitalt (Grunngjevinga for justeringa er gitt i dei generelle merknadene ovanfor)

§ 4 Samarbeidet Norge digitalt

- (1) Miljøverndepartementet har ansvaret for Norge digitalt. Det oppretter et råd på 9 medlemmer, 4 fra statlig forvaltningsnivå, 1 fra fylkeskommunalt forvaltningsnivå og 4 fra primærkommunene. Private avtaleparter kan velge en deltaker med observatørstatus til rådet. Statens kartverk ivaretar sekretariatsfunksjonen til rådet som skal ha følgende mandat:

- Gi råd om viktige prinsipper for organisering, styring og samfinansiering av samarbeidet Norge digitalt
- Bidra til utvikling av den nasjonale geodatapolitikken
- Bidra til å profilere Norge digitalt og den samfunnsmessige betydningen av forvaltningssamarbeidet på tvers av forvaltningsnivåene og i alle fagmiljøer
- Gi råd om opprettelse av utredningsgrupper og felles prosjekter etter behov

Kommentar: Primærkommunane er den heilt dominerande dataleverandør til Noreg digitalt. I landet er det eit stort mangfald av kommunar og tilhøva varierar utover i landet. Det er heilt avgjerande for at måla formulert i § 1 skal kunna bli realisert, at kommunesektoren blir i stand til å levere dei data det ligg til denne sektoren å levera. Derfor bør det bli spegla att i samansettinga av rådet. Ved 4 primærkommunerepresentantar vil ein i rådet kunna ha representant for storkommunegruppa (som nå) + 1 representant for mellomstor og 2 for dei mindre kommunane (det store fleirtalet) og ein vil og kunna få ein rimeleg god regional representasjon. Både mandat og sekretariatsfunksjon er som i dagens Norge digitalt. Utkastet sitt pkt (1) blir (2). Vi sluttar fullt opp om forslaget i lovutkastet. Utkastet (3) går ut som overflødig i og med forslaget om at tilhøva mellom dei offentlege partane er føresett fastsett i forskrift. Dei resterande ()punkta er det ingen merknader til ei heller dei resterande §§.

Men i høyringsnotatet kap. 9.2 Forslag til lovteknisk løysning, har MD drøfta ulike alternativ for implementering av EU-direktivet i norsk lov. I eit av dei avviste alternativa (matrikkellova) står følgjande:

Matrikkelloven gjelder eiendomsregistrering og vil vanskelig fungere som en generell lov om deling av geodata. Det kan tvert imot være aktuelt å flytte bestemmelsene om geodetisk grunnlag fra matrikkelloven til en geodatalov. (Understrekinga gjort av oss.)

Då utkast til ennå gjeldande lov "om anbringelse av signaler og merker for målearbeider" (kortnamn: signallova) var på høyring, støtta vi forslaget til revisjon og vi tilrådde at lova fortsett vart verande i form av eiga lov. Grunngevinga vår den gongen var den same som MD har brukt i høve til implementeringa av EU-direktivet som eiga lov. (Alternativt tilrådde vi at lovreglane om det geodetiske referansegrunnlaget blei innlemma i plan- og bygningslova, sidan dette var basis for kart og stadfesting av geografisk informasjon. **Vår konklusjon er derfor at nåverande kapittel 8 i matrikkellova** (som ennå ikkje er sett i kraft, og som er lovresultatet av nemnde høyring for revisjon av signallova) **bør flyttast frå matrikkellova og til den nye geodatalova.**

Sluttmerknader

Vi vonar at vår tilbakemelding i høve høyringsutkastet, som ved tidlegare høyringssvar, blir sett på som eit konstruktivt innspel i den vidare prosessen med innarbeidinga av EU-direktiv: 2007/2/EF om etablering av en infrastruktur for geografisk informasjon i Det europeiske fellesskapet (*Inspire*) i norsk lov og at vi ved det får ei god lov tilpassa norske tilhøve.

Vi ser med forventning fram til resultatet av lovprosessen og til det etterfølgjande høyringsutkastet til forskrifter til lova.

Vi ønskjer lykke til i det vidare arbeidet.

Regionrådet Nordhordland IKS



Håkon Matre
leiar

Gjenpart til: KS og Geoforum